

# Frå Kina til Bidne for

15 år gamle Xingjia Zhou frå Kina tek akkordeonøvinga så seriøst at han ligg i treningsleir på Voss i eit par veker før NordAccordion tek til.

## ► NORDACCORDION

– Eg kallar han berre for Jerry! ler Geir Draugsvoll. Akkordeonmeisteren har Zhou som elev, og sjølv om det er fyrste gongen 15-åringen er på Voss, er det heilt normalt at han og ein av foreldra kjem til Europa og vert her i nokre veker i slengen for å få intensiv undervisning. Det skjer fleire gonger for året.

Bakgrunnen for kallenamnet Jerry er både enkel og humoristisk. Zhou har nemleg ein eldre bror som heiter Tom, og dermed fann akkordeonprofessor Draugsvoll ut at det var logisk å kalla vetlebroren Jerry – etter dei legendariske teiknefilmfigurane med same namn. Tom er den ille plaga katten, og Jerry den uovervinnelege musa.

Og Zhou er så van med namnet at han svarar – Jerry! når Hordaland spør kva han heiter.

## Stort i Kina

Men Zhou er langt frå den einaste unge kinesaren med interesse og ambisjonar når det gjeld akkordeon. Av dei 27 unge talenta som er melde på til kurset som skal gå heile veka under NordAccordion, kjem 20 frå Kina.

– Eg trur det at akkordeon står så sterkt i Kina kan ha samanheng med dei langvarige og nære kontaktane landet har hatt med Russland, ikkje minst kulturelt. Men i motsetnad til i Russland, der trekkspelet er sjølv folkemusikkinstrumentet med stor F, er det fyrst og fremst innfor den klassiske musikken kinesarane dyrkar instrumentet, forklarar Draugsvoll. Han har sjølv vore i Kina fleire gonger, både for å halda konsertar og som pedagog. Han fortel om den den nokså overveldande og surrealistiske opplevinga det var då han vart fortald om ein akkordeonskule som hadde 800 lærarar på instrumentet!

## Mykje jobbing

Geir, kona Mette og dottera Dina – som begge er pianistar på høgt nivå – er på kombinert ferie- og jobbopphald heime i Bidnesvegen på Stronde. Det vil seia: For Mette og Dina er det ferie, for Geir er det jobbing. Og når NordAccordion startar neste søndag, har Geir vinka farvel til Mette og Dina og sett dei vel av garde vidare på ferie.

– Det er best slik. Eg kjem til å jobba så mykje den veka at er godt å berre ha meg sjølv å tenkja på, seier Geir. Mette og Dina kjenner ektemann og pappa så godt at dei er heilt samde.

– Eg kjem til å flata heilt ut når alt er ferdig! seier Geir.

## Tett program

Døgnet får nok for få timar dei

seks dagane festivalen varer. Ikkje minst for han som har det overordna ansvaret for ein nystarta internasjonal festival, som til alt overmål har meistar-klassar gåande parallelt med alle konsertane og all logistikken som fylgjer med når tilskipingane skal skje ulike stader i bygda. Ikkje mindre enn ni konsertar, spreidde frå Osasalen, Voss Sparebank, Voss kulturhus og Vangskyrkja til terrassen framfor Stalheim Hotel og Bakka kyrkje vert det frå søndag til fredag.

– Sjølv skal eg berre spela på terrassen framfor hotellet på Stalheim. Det vert ein nasjonalromantisk fest, med musikk frå ulike land, der eg skal spela saman med Hanzhi Wang, seier Geir.

## Mie Miki

Han ber publikum elles spesielt merka seg japanske Mie Miki, som skal vera med på opningskonserten i Osasalen, saman med akademirektor Jo Asgeir Lie og medarrangør Ida Løvli Hidle.

– Akkordeon er ikkje så stort i Japan som i Kina, men Mie Miki er ein av dei aller fremste og mest etterspurde. Ho er mangeårig professor og ein kjær kollega. Då eg spurde om ho ville koma til Voss, sa ho berre: – Voss!! Så fortalde ho at ein av faren sine draumar i livet var å få koma til Voss. Han fekk aldri oppleve det, men no kjem altså dottera.

## Meisterklassar

Opptakten til NordAccordion var at Geir og kollega Ida Løvli Hidle ynskte å gje eit sommarkurs-tilbod til unge akkordeontalent. Derfor er dei daglege kursa ein viktig del av opplegget for festivalveka.

Grovt rekna, kan ein seia at dagen mellom frukost og middag er delte inn i tre kursøktar. Før lunch er det meisterklassar, der Geir, Ida og Mie Miki deler på dei 27 elevane. Så kjem ein halvannan times lang verkstad, med folk som Irene Tillung, Per Arne Glorvigen og duoen Julie og Andreas Rokseth som lærere, før det kjem ei ny økt med meisterklassar.

## På tur

Onsdagen er litt annleis. Den dagen er studentar og lærarar på reisefot. Konserten på Stalheim er midt på dagen, før det vert studentkonsert i Bakka kyrkje om ettermiddagen. Og på kvelden er alle samla att til konsert med den einestående duoen Julie & Andreas – som turnerer ein så spesiell instrumentkombinasjon som harpe og bandoneon – i Osasalen.

Eit litt morosamt innslag,



LEKSJON: Den gamle låven på Bidne er ombygd til øvingslokale. Her får 15 år gamle Xingjia Zhou leksjonar kvar einaste dag fram

med så mange kinesiske gjestar, er at vossingen Magne Seim skal ha kurs i qi gong – kinesiske puste- og rørsleteknikkar – etter frukost kvar morgon. Magne spelte sjølv akkordeon på høgt nivå i ungdommen og hjelper til med mykje av det praktiske under festivalen.

## 10 på taket og tango

Geir og hans gode hjelparar har lagt opp til eit breitt og allsidig konsertprogram. NordAccordion er absolutt ikkje ein festival berre for akkordeon-nerdane, her finn alle godbitar.

Som til dømes konserten med vossingen Irene Tillung i kulturhuset tysdagen. I fjor

gav ho ut CD-en Ti på taket. Der hadde ho med seg ti av dei fremste muskarane i landet, og no får vossingane høyra heile ensemblet live – for fyrste gong.

Per Arne Glorvigen er nemnt. Han starta som akkordeonist, men konverte til det argentinske bandoneonet



# å ta akkordeontimar



m til NordAccordion startar. Samspelet mellom elev og lærermeister er intenst, men på ein uformell måte. Det er nok ikkje kvar dag professor Draugsvoll stiller slik kledd på jobb

FOTO: NILS KVAMSDAL

og har sidan gjort seg kjend for sine fabelaktige tangotolkingar. Saman med Daniela Braun og Arnulf Ballhorn, vert det tangokonsert i Vangskyrkja måndagskvelden.

Islandske Ítrío er elevar av Geir i København, og han skryter hemningslaust over musikken dei lagar. Islendingane

skal, saman med gjester, halda konsertar både i Osasalen torsdag kveld og i Voss Sparebank fredag middag. Det siste er ein gratiskonsert, til liks med konserten på Stalheim.

Avslutningskonserten er i Osasalen, og der får dei unge studentane syna kva dei har lært i løpet av veka.

## Studio på läven

Men før neste sundag, skal altså Zhou gjennom daglege leksjonar med lærar Geir, og det skjer i den lett ombygde läven heime på garden.

Onsdag møtte me elev og lærermeister til leksjon. Zhou hadde øvt på eit Bach-stykke som han skal framføra un-

der ein konkurranse i Kina til hausten. Og sjølv om 15-åringen er komen langt, fann Geir mykje å jobba med. På dette nivået er det snakk om å øva på små detaljar i alt frå finger-setjing til aksentueringar som gjer foredraget meir dynamisk.

Og Zhou syg til seg lærdomen frå meisteren som ein

svamp i den soldirrande sommardagen. Medan mamma filmar heile leksjonen på mobilen sin.

► **Nils Kvamsdal**

nk@avisa-hordaland.no